

Til stades: Hilde Reitan - leiar, Camilla Granlien – nestleiar på sakene....Thor Hauknes - nestleiar, Kristian Hanto, Kjellbjørn Karsrud, Silje Solberg, Thomas Nilssen
Ole Erik Feragen – 1.vara

Frå administrasjonen: Linda Dyrnes – dagleg leiar (under sakene 60, og 68-72)), Liv Annette Nygjerdet – dei tilsettes representant, Solfrid Gjeldokk, Sina Myhr, Audun Stokke Hole (sakene 61-67) og John Stenersen.

Tid: **Torsdag 5.november kl. 11.00-14.00.**

Fredag 6.november kl. 09.00-15.30

Stad: Teams

Referat

Styresak 2020/59	Innkalling og sakliste
Styresak 2020/60	Orienterings-, drøfting- og referatsaker
Styresak 2020/61	Frifond – fordeling
Styresak 2020/62	Årets lokallag
Styresak 2020/63	Årets folkemusikkarrangør
Styresak 2020/64	LF: Førespurnad om tidlegare start på tevlingar og samanslåing av klassar.
Styresak 2020/65	Utkast til spørjeundersøking om alternativ LK og LF
Styresak 2020/66	Revidering av retningsliner for Folkelarmprisen
Styresak 2020/67	Møteplan første halvår 2021.
Styresak 2020/68	Revidering av langtidsplan og særskilde satsingar. Første runde.
Styresak 2020/69	Budsjett 2021 og prinsipielle drøftingar for budsjetta 2022 og 2023.
Styresak 2020/70	Innspel til strategi for folkemusikk og folkedans
Styresak 2020/71	Evaluering av folkemusikksendinga
Styresak 2020/72	Eventuelt

Styresak 2020/59 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjend.

Styresak 2020/60 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

a) Driftsrapport per 28.oktober 2020

- a. Rådgjeving/Opplæring/service
 - i. Vi har informert om, og hjulpe medlemslag med søknadar til Kulturtanken
 - ii. Vi har lyst ut prisane for Årets lokallag og Årets folkemusikkarrangør. Dei nominerte vart offentleggjort under FolkOrg si folkemusikksending 3.oktober.
 - iii. Vi har delt ut Gnistrisen 2020 til Leikarringen BUL i Oslo. Vinnarane vart offentleggjorte under FolkOrg si folkemusikksending 3. oktober.
 - iv. Vi har delteke på årsmøtet til Sogn og Fjordane folkemusikkklag
 - v. Vi har fordelt midlar til Frifond Organisasjon
- b. Formidling og arrangement - oppsummering:
 - i. Landskappleik og Landsfestival i gammaldansmusikk:
 - 1. Kontakt med og oppfølging av lokale arrangørar for 2021 og seinare.
 - 2. Oppfølging av aktuelle søkarar for å bli lokal arrangør.
 - 3. Utarbeida spørjeundersøking til medlemmane i FolkOrg om av alternative arrangement i 2021
 - ii. Folkelarm
 - 1. Invitert norske delegatar og fått positivt svar frå 40.
 - 2. Oppfølging av samarbeidspartar.
 - 3. Oppfølging av Folkelarmartistar og nominerte,
 - 4. Marknadsføring av arrangementet, primært gjennom sosiale media.
 - 5. Sal av annonseplass.
 - iii. Introfolk
 - 1. Vi har gjennomført finalen i Introfolk og juryen har valt ein vinnar
 - 2. Vi har hatt møte med Gramo om utdeling av stipendet og prisen
 - 3. Vi har fått laga filmar om kvar finalist.
- c. Informasjon og opplysning - oppsummering:
 - i. Folkemusikk – magasinet:
 - 1. Folkemusikk nr. 4/2020 kjem ut i veke 46.
 - 2. I samråd med redaksjonsrådet, gjer redaktøren ei viktig endring i Folkemusikk frå 2021, ei endring som blir testa ut i førstkommande nummer: Det blir fem sider med småstoff, korte notisar om smått og stort i Folkemusikk- og Folkedans-Noreg.
 - 3. Folkemusikk har kjøpt eit nesten komplett sett Spelemannsbladet / Bladet Folkemusikk, av ein person som kjøpte dette settet av Landslaget for Spelemenn for mange år sidan
 - ii. Anna informasjonsarbeid
 - 1. FolkOrg.no
 - a. Har oppdatert nettsida med nominerte til ulike prisar, nytt heidersmedlem, folkemusikksendinga med meir.
- d. Påverknad/samarbeid – oppsummering:
 - i. Vi har gjennomført seks ulike temamøte og eit oppsummerande møte som førebuing til innspel til strategi for folkemusikk og folkedans. I tillegg har vi delteke på samrådsmøte om same tema.
 - ii. Vi har delteke på og gitt innspel til Kulturdepartementets innspelsmøte om Strategi for folkemusikk og folkedans.

- iii. Vi har delteke på Norsk musikkråds innspelsmøte om strategi for folkemusikk og folkedans.
 - iv. Vi har delteke på møte saman med aktørar frå jazzfeltet der vi samanliknar finansieringa av det frie, rytmiske feltet med det institusjonaliserte og i hovudsak klassiske feltet.. Vi held fram med møter om temaet 4.desember. Dette er relevant generelt, men også i høve mangfald-satsinga til KUD. Vi trur det kan vere lurt å arbeide for å få ei Stortingsmelding for musikkfeltet, der ein ser på finansieringa og organiseringa av heile musikkfeltet. Det blir tema for ei debatt under Vossajazz til våren og under Arendalsuka i august.
 - v. Vi har saman med Arrangørforum, Kunstnernettverket, Balansekunst og Ballade arrangert debatt kring statsbudsjettet 2021.
 - vi. Vi har delteke på representantskapsmøtet til Norsk senter for folkemusikk og folkedans.
 - vii. Vi har delteke på budsjettthøyringar i Familie- og kulturkomiteen og i Forsvars- og utenrikskomiteen. Vi har sendt skriftleg innspel til Arbeids- og sosialkomiteen.
 - viii. Vi har delteke på SVs kulturlunsj med tema statsbudsjettet.
 - ix. Vi har delteke på partnermøte i Krafttak for song og Camilla Granlien er vald inn i interimstyret der.
 - x. Vi har delteke på Norske Festivalers årskonferanse
 - xi. Vi har vore tilstades på Osafestivalen 2020.
 - xii. Vi deltek i Frivillighet Norge sitt kommunikasjonsnettverk.
- e. Særskilde satsingar
- i. Rekruttering
 - 1. Planlegging det nye prosjektet "Unge musikalske leiarar"
 - 2. Planlegg rekrutteringsseminar i starten av desember
 - ii. Informasjon / formidling /dokumentasjon
 - 1. Vi har gjennomført straumesendinga "Folkemusikk i heile landet". Det har vore aktiv arbeid med promotering, annonsering, planlegging og mykje meir, eg ramsar ikkje opp alle deltaljer her.
 - iii. Folkedans
 - 1. Har saman med NU vore i kontakt med FHI angåande opninga av breiddeidretten. Vi har forsøkt å få klarheit i om danselaga våre kan starte opp igjen, og kva som eventuelt må til for at dei kan starte. Spørsmålet vart sendt vidare til helsedepartementet og kulturdepartementet, vi har så langt ikkje fått svar.
 - 2. USN har no fått akkreditert ei bachelorutdanning i scenisk folkedans. Leiinga på USN er veldig positive og kanskje dei kan kome i gong allereie hausten 2021, men det er framleis nokre uavklarte ting når det gjeld finansiering.

b) **Rekneskapsrapport per september 2020**

c) **E-post frå Oslofolk – laget for folkemusikk, ved leiar Lene Furuli.**

Vedtak:

Styret tek orienterings- drøfting- og referatsaker til orientering med desse merknadene:

- a) Vi legg til at Kristian Hanto representerte FolkOrg i gravferda til heidersmedlem Karin Brennesvik og har skrive minneord om ho. Vidare er det eit ønskje om meir

informasjon kring Covid-19-pandemien til medlemmene våre og at den er meir synleg.

- b) Vi skal ha ein gjennomgang av lønnssystemet i FolkOrg før årsslutt.
- c) Styret tek beslutning om gjennomføring av LK og LF i første møte etter nyttår.
Vurdering av eventuelle alternative arrangement vert ikkje teken før etter dette.

Styresak 2020/61 Frifond – fordeling

Vedtak: Forslaget til fordeling av Frifond organisasjon 2019 vart godkjend. Fordelinga ligg ved referatet

Styresak 2020/62 Årets lokallag

Vedtak: Årets lokallag er Setesdal Spelemannslag

Styresak 2020/63 Årets folkemusikkarrangør

Vedtak: Årets folkemusikkarrangør er Ta:lik

Styresak 2020/64 LF: Førespurnad om tidlegare start på tevlingar og samanslåing av klassar.

Vi gjer ei prøveordning med å starte tevlingane på Landsfestivalen onsdag ettermiddag. Løysinga med Solo junior skal også prøvast ut. Plasseringa av klassane skal òg vurderast slik at desse tevlingane får god oppslutning.

Dese endringane skal gjennomførast i 2021, eventuelt i 2022 dersom arrangementet blir svært redusert eller avlyst i 2021.

Styresak 2020/65 Utkast til spørjeundersøking om alternativ LK og LF

FolkOrg sender ut framlegg til spørjeundersøking til alle våre medlemmer, etter at endringane som kom fram i møtet er tatt med og undersøkinga er sendt ein siste runde til styret for godkjenning.

Styresak 2020/66 Revidering av retningsliner for Folkelarmprisen

Vedtak:

Punkt ein og to i retningslinjene for Folkelarmprisen endrast til

1. Folkelarmpisen er en musikkpris som er etablert for å fremme interessen for norsk fonogramproduksjon innenfor tradisjonsmusikksjangrene. En norsk plate er definert slik: en plate utgitt på et norsk plateselskap der minst én av musikerne er norsk eller bor i Norge. Prisen inkluderer all tradisjonsmusikk som utøves i Norge. Prisen består av en statuett samt diplom, og tildeles årlig de beste norske album, kåret av en fagjury etter kvalitetsvurdering.

2. Konkurransen er åpen for alle originale album utgitt i Norge av norske plateselskap i tidsrommet 1. september året før til 30.august det året prisen deles ut. Albumet må ha en spilletid på minimum 20 minutter. Personer som i gjeldene tidsperiode har gitt ut en produksjon som kan meldes på, kan ikke sitte i juryen.

Endringane gjeld fra 2021.

Styresak 2020/67 Møteplan første halvår 2021.

Vedtak:

Styremøte 2021/01 er sett til 4.-5.februar

Styremøte 2021/02 er sett til 12.mars

Styremøte 2021/03 er sett til 21.mai

Styresak 2020/68 Revidering av langtidsplan og særskilde satsingar. Første runde.

Vedtak:

- a) *Styret ønskjer å halde fram med langtidsplanen i den same forma som den har i dag.*
- b) *Styremedlemmene skal før neste styremøte vurdere om det er moment frå FolkOrgs innspel til strategi for folkemusikk og folkedans som er relevant å ta med i måla i langtidsplanen eller under særskilde satsingar. Likeins sjå om det er endringar dei ønsker elles i planen.*

Styresak 2020/69 Budsjett 2021 og prinsipielle drøftingar for budsjetta 2022 og 2023.

Vedtak: Saken vart utsett til neste møte.

Styresak 2020/70 Innspel til strategi for folkemusikk og folkedans

Vedtak: Styret i FolkOrg godkjende strukturen på framlegg til innspel til Strategi for folkemusikk og folkedans, og ga innspel til endringar i innhald. Administrasjonen arbeider vidare med innspelet og sender det via e-post til godkjenning til styret.

Styresak 2020/71 Evaluering av folkemusikksendinga

Ingen vedtak

Styresak 2020/72 Eventuelt

a) Folkemusikkens og folkedansens år

Styret vart einige om å gå gjennom avslagsbrevet frå Kulturdepartement og å komme med tilsvær.

b) Landsmøte 2021 – i koronaens tid

Vedtak: Vi gjennomførar Landsmøtet 2021 til planlagt tid 16.-18.april. Dersom smittevernreglane gjer at vi ikkje kan ha eit fysisk møte, vert møtet halden digitalt.